

Kvalitetsstandard for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vågå kommune

Revidert 2017



VÅGÅ
KOMMUNE

Vedtatt av Kommunestyret 04.04.17

Innhald

1	Innleiing	6
1.1	Søknad	6
1.2	Grunnleggande prinsipp ved sakshandsaming:.....	7
1.3	Kva kan forventas av kommunen ved tildeling av tenester og tenesteyting:	7
1.4	Kva vi forventar av brukar	7
1.5	Rettleiing	8
1.6	Klage	8
2	Tenestetilbod.....	8
2.1	Trygghetsalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel	8
2.1.1	Lovheimel:	8
2.1.2	Om tenesta	8
2.1.3	Målsetting.....	8
2.1.4	Vilkår for å få tenesta	8
2.1.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	9
2.1.6	Våre forventningar til brukar:.....	9
2.1.7	Praktiske spørsmål:	9
2.2	Matombringing.....	9
2.2.1	Lovheimel:	9
2.2.2	Om tenesta	9
2.2.3	Målsetting.....	9
2.2.4	Vilkår for å få tenesta	9
2.2.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	9
2.2.6	Våre forventningar til brukar:.....	9
2.2.7	Praktiske spørsmål:	10
2.3	Transportteneste for forflytningshemma (TT)	10
2.3.1	Lovheimel:	10
2.3.2	Om tenesta	10
2.3.3	Målsetting.....	10
2.3.4	Vilkår for å få tenesta	10
2.3.5	Våre forventningar til brukar:.....	10
2.3.6	Praktiske spørsmål:	10
2.4	Følgjebevis for funksjonshemma.....	11
2.4.1	Lovheimel:	11

2.4.2	Om tenesta	11
2.4.3	Målsetting.....	11
2.4.4	Vilkår for å få tenesta	11
2.4.5	Våre forventningar til brukar:.....	11
2.4.6	Praktiske opplysningar:	11
2.5	Dagopphald ved Vågåheimen	11
2.5.1	Lovheimel:	11
2.5.2	Om tenesta	11
2.5.3	Målsetting.....	12
2.5.4	Vilkår for å få tenesta	12
2.5.5	Våre forventningar til brukar:.....	12
2.5.6	Praktiske opplysningar:	12
2.6	Dagtilbod utanfor institusjon	12
2.6.1	Lovheimel:	12
2.6.2	Om tenesta og målsetting	12
2.6.3	Vilkår for å få tenesta	13
2.6.4	Våre forventningar til brukar:.....	14
2.6.5	Praktiske opplysningar:	14
2.7	Trygdebustad.....	14
2.7.1	Lovheimel:	14
2.7.2	Om tenesta	14
2.7.3	Målsetting.....	14
2.7.4	Vilkår for å få tenesta	14
2.7.5	Praktiske spørsmål:	15
2.8	Personlig assistanse- Praktisk bistand, opplæring og støttekontakt.....	15
2.8.1	Lovheimel:	15
2.8.2	Særskilt for Praktisk bistand til daglege gjeremål	15
2.8.3	Særskilt om opplæring og målretta miljøarbeid	17
2.8.4	Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA).....	18
2.8.5	Særskilt for støttekontakt/ treningskontakt	19
2.9	Helsetenester i heimen	20
2.9.1	Lovheimel:	20
2.9.2	Om tenesta- heimesjukepleie	20
2.9.3	Om Psykisk helseteneste	21

2.10	Avlastning	22
2.10.1	Lovheimel:	22
2.10.2	Om tenesta	22
2.10.3	Målsetting.....	23
2.10.4	Vilkår for å få tenesta	23
2.10.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	23
2.10.6	Våre forventningar til brukar:.....	23
2.10.7	Praktiske opplysningar:	23
2.11	Omsorgsløn	23
2.11.1	Lovheimel:	23
2.11.2	Om tenesta	23
2.11.3	Målsetting.....	24
2.11.4	Vilkår for å få tenesta	24
2.11.5	Våre forventningar til brukar:.....	24
2.11.6	Praktiske opplysningar	24
2.12	Korttidsopphald- Vågåheimen	24
2.12.1	Lovheimel:	24
2.12.2	Om tenesta	24
2.12.3	Målsetting.....	25
2.12.4	Vilkår for å få tenesta	25
2.13	Omsorgsbustad med heildøgntilsyn	25
2.13.1	Lovheimel:	25
2.13.2	Om tenesta	26
2.13.3	Målsetting.....	26
2.13.4	Vilkår for å få tenesta	26
2.13.5	Våre forventningar til brukar:.....	26
2.13.6	Praktiske spørsmål:	26
2.13.7	Praktiske spørsmål.....	26
2.14	«Gjesterom» – midlertidig opphald i omsorgsbustad med heildøgntilsyn	26
2.14.1	Om tenesta	26
2.14.2	Vilkår	26
2.14.3	Praktiske spørsmål.....	26
2.15	Rehabiliteringsopphald ved Vågåheimen.....	27
2.15.1	Lovheimel:	27

2.15.2	Om tenesta	27
2.15.3	Målsetting.....	27
2.15.4	Vilkår for å få tenesta	27
2.15.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	27
2.15.6	Våre forventningar til brukar:.....	27
2.15.7	Praktiske spørsmål:	27
2.16	Rehabilitering utanfor institusjon	27
2.16.1	Lovheimel:	27
2.16.2	Om tenesta	27
2.16.3	Målsetting.....	28
2.16.4	Vilkår for å få tenesta	28
2.16.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	28
2.16.6	Våre forventningar til brukar:.....	28
2.16.7	Praktiske spørsmål:	28
2.17	Langtidsopphald ved Vågåheimen	28
2.17.1	Lovheimel:	28
2.17.2	Om tenesta	28
2.17.3	Målsetting.....	29
2.17.4	Vilkår for å få tenesta	29
2.17.5	Kva kan brukar forvente av tenesteytar:.....	29
2.17.6	Våre forventningar til brukar:.....	29
2.17.7	Praktiske spørsmål:	29
3	Link til relevant litteratur for brukar og pårørande:.....	29

1 Innleiing

Dette dokumentet er meint å presisere korleis Vågå kommune ynskjer å tilby sine helse- og omsorgstenester. Vi ynskjer å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i myndigheitskrav, faglege og juridiske vurderingar, og politiske prioriteringar. Vi ynskjer at kvalitetsstandarden skal gjeva både tenestemottakar og tenesteutøvar god informasjon om tenestene og kva ein kan forvente når ein tek i mot kommunale helse- og omsorgstenester.

Målet for helse- og omsorgstenesta i Vågå kommune er å tilby tenester av god kvalitet på lågaste effektive omsorgsnivå (LEON-prinsippet).

Kommunane har ansvar for å utforme det lokale tenestetilbodet i samsvar med lokale føresetnader og behov.

Til grunn for vår organisering og tildeling har vi ei rekke myndigheitskrav, og blant dei viktigaste er:

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(Helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om pasient og brukerrettigheter](#)
- [Lov om helsepersonell m.v. \(Helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker](#)
- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene \(kvalitetsforskriften\)](#)
- [Forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten \(internkontrollforskriften\)](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

Kommunene har etter helse- og omsorgstjenestelova § 3-1, ansvar for å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, både personar med fysiske helseproblem/sjukdom, psykisk lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Loven gjev ikkje brukar rett til ein bestemt teneste, som til dømes opphald i sjukeheim. Det er opp til kvar enkelt kommune å vurdere kva hjelp som er nødvendig og i Vågå kommune vil tildeling skje etter LEON-prinsippet.

1.1 Søknad

Tildeling av helse- og omsorgstenester skjer etter munnleg eller skriftleg søknad. I akutte tilfelle kan tildeling av tenester skje etter munnleg førespurnad til tenesteapparatet.

Enkeltvedtak blir da fatta etter at tenesta er i gangsett. Vågå kommune sitt [søknadsskjema](#) skal nyttast.

Tildelingskontoret i Vågå kommune vil behandle søknaden i tråd med forvaltningsloven. Før søknaden kan behandlast gjer vi ei kartlegging av brukaren sine eigne ressursar og behov for hjelp. Kartleggingssamtale skal som hovudregel bli utført innan 14. dagar etter at søknaden er motteken. Det er ønskjeleg at pårørande deltek under ei slik kartleggingssamtale. Kommunen pliktar å nytte kartleggingsverktøyet IPLOS, som er eit nasjonalt statistikkregister som viser pasienten sine ressursar, behov og tenestnivå.

I tillegg til heimebesøk har vi i enkelte høve behov for å innhente opplysningar frå andre instansar, som til dømes fastlege. For at vi skal kunne foreta ei heilskapleg vurdering i saka, må det føreligge skriftleg samtykke til å innhente opplysningar frå relevante partar.

Søknaden blir som regel drøfta i kommunens vurderingsteam.

Det blir gjeve skriftleg svar på søknaden og det blir fatta enkeltvedtak på alle tenester som er forventa å vare utover 14. dagar.

1.2 Grunnleggande prinsipp ved sakshandsaming:

- Vi fylgjer forvaltningslova i all sakshandsaming.
- Tildeling av tenester skal skje etter tverrfagleg, individuell og skjønnsmessig vurdering, ut i frå gjeldande lovverk og vedtekne standardar.
- Det vil bli lagt stor vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenestene.
- Vågå kommune skal sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst ved behandling av søknaden.
- Etter kartlegging og registrering av IPLOS blir det gjort ei vurdering av søkjar sitt behov for helsehjelp.
- All tenesteyting skal ta utgangspunkt i brukaren sine eigne ressursar og legge til rette for å oppretthalde eller vinne att funksjonsnivå/ eigenmestring.
- Brukar skal få ei grunngeving for avgjersla i enkeltvedtaket.

1.3 Kva kan forventas av kommunen ved tildeling av tenester og tenesteyting:

- Opplysningar frå søknad og tenesteyting blir behandla konfidensielt.
- At informert samtykke skal ligge til grunn for all tenesteyting.
- Stor grad av brukarmedverknad ved utforming av tenestetilbod.
- Pasient/brukar og pårørande skal oppleve respekt, forutsigbarheit og tryggleik i tenestetilbodet.
- At vi tilbyr tenester som er koordinerte, av god kvalitet og som er fagleg forsvarleg.
- Vi skal gjeva tenester som sikrar pasienten ein verdig livssituasjon.
- Vurdering av behov for helsehjelp og tenestetilbod blir fortløpande vurdert. Vedtaket skal bli endra i samsvar med endring i hjelpebehov.
- At tenestetilbodet skal bli utforma slik at brukaren skal få bu heime lengst mogleg.
- Pasientar med langvarige og samansette behov skal få tilbod om Individuell plan.
- At tenesta vert utført i samsvar med vedtaket.
- At eventuelle klager blir teke på alvor.
- At vi overheld vår rettleiing og informasjonsplikt. Vi skal gjeva relevant informasjon om tenester innan sektor for helse og omsorg i Vågå kommune. Vidare skal vi ved behov gje rettleiing ved søknad og klage på tildeling av tenester.

1.4 Kva vi forventar av brukar

Dette er generelle forventningar, som er felles for alle tenester. Meir spesifikke forventningar kan stå i enkeltvedtaket.

- At brukar bidreg til at saka blir tilstrekkeleg opplyst. Dette inneber blant anna at brukaren gjev fullmakt til å innhente nødvendige opplysningar frå andre, eksempelvis fastlege og NAV, der det er nødvendig for å få utført tenesta.
- At brukar gjer seg kjent med innhaldet i enkeltvedtaket.
- At brukar gjev beskjed til tenesteyter eller Tildelingskontoret ved endring av behov.
- At brukar samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar.

- Vegen til bustaden skal vere brøytt og/eller strødd vinterstid og inngangspartiet skal vere godt opplyst.
- Vi forventar at brukar ikkje røykar inne når tenesteytar oppheld seg i heimen, og at det blir utlufta godt før tilsette kjem.
- Brukar som har husdyr må syte for at dette ikkje er til sjenanse for tenesteytar.
- At tenesteytar ikkje blir kontakta på fritida.
- At brukar og/eller pårørande tek kontakt med aktuell tenesteleiar eller Tildelingskontoret om det er misnøye med noko, eller det er behov for informasjon, råd eller rettleiing.

1.5 Rettleiing

Personar som vil søkje eller har spørsmål om ei teneste kan vende seg til Tildelingskontoret.

1.6 Klage

Alle enkeltvedtak kan klagast på innan ei viss frist, dette blir det informert om i enkeltvedtaket. Dersom det er behov for hjelp til å skrive klagen kan Tildelingskontoret bidra med dette. Klaga skal vere skriftleg og bli senda til den som underteikna vedtaket. Om vedtaket ikkje blir endra blir klaga vidaresendt Fylkesmannen i Oppland for overprøving. Med unntak av tildeling av trygdebustad, transportteneste (TT) og følgebevis for funksjonshemma, der vil klaga bli overprøvd av Vågå kommune si klagenemnd.

Klage på sjølve utføring av tenesta, kvalitet eller helsepersonell skal gå til tenesteleiar.

2 Tenestetilbod

2.1 Trygghetsalarm og andre velferdsteknologiske hjelpemiddel

2.1.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Trygghetsalarm kan bli innvilga som ei nødvendig helseteneste etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-1, til dømes som erstatning for tilsyn frå heimesjukepleia.

2.1.2 Om tenesta

Trygghetsalarm er ei ordning der brukar kan koma i kontakt med heimetenesta i ein akutt situasjon der ein treng hjelp, men ikkje kan nytte telefon.

Andre velferdsteknologiske hjelpemiddel kan bli innvilga etter vurdering.

2.1.3 Målsetting

Trygghetsalarmen skal medverke til at folk kan bu heime lenger og å skape trygghet for brukaren.

2.1.4 Vilkår for å få tenesta

Heimebuande eldre og funksjonshemma kan bli tildelt trygghetsalarm ut i frå desse kriteria:

- Kjenner seg utrygge grunna sjukdom eller funksjonshemming.
- Evner å forstå bruken av alarm.
- Har lett for å falle, problem med å bevege seg.
- Bur aleine/lite sosialt nettverk.
- Bur i ueigna bustad.

2.1.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- Tenesta er ikkje lovpålagt og alarm vil bli montert så snart vi har ein ledig. Kommunen har ei prioriteringsliste, der vi ved tildeling gjer ei behovsvurdering.
- At heimetenesta umiddelbart etter å ha fått melding om alarm tek kontakt med brukar på telefon eller heimebesøk om ein ikkje får kontakt med brukar på telefon. Heimesjukepleia reiser til brukar så snart som mogleg og har som mål å være der innan 30 minuttar.

2.1.6 Våre forventningar til brukar:

- Brukar må godta å få montert nøkkelboks ved inngangsdøra.
- Brukar må bera alarmen på seg heile døgnet.
- Erstatte alarmen/utløysaren om han/ho mistar den eller øydelegg den med vilje.

2.1.7 Praktiske spørsmål:

Det blir krevd eigenbetaling for trygghetsalarm der det er vurdert at det ikkje er ei *nødvendig* helseteneste. Sats blir justert årleg av Kommunestyret og er for 2017 kroner 200,- i månaden.

Trygghetsalarmen er kopla opp mot Nord- Gudbrandsal Lokalmedisinske senter (NGLMS), som tek kontakt med Heimesjukepleia eller andre, til dømes pårørande etter avtale. Heimesjukepleia har ansvar for å kontakte brukaren.

2.2 Matombringning

2.2.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

2.2.2 Om tenesta

Eldre og funksjonshemma som ikkje greier å lage middag sjølve, kan få tilkøyrte varm mat frå kjøkkenet på Vågåheimen.

Det kan leverast mat inntil 7 dagar pr. veke og gjennom heile året. Maten blir levert varm, i vakuuerte porsjonspakkar. Tilbodet blir gjeve i stuttare eller lengre periodar.

2.2.3 Målsetting

Matombringning skal medverke til at heimebuande som ikkje er i stand til å lage middag sjølve får tilstrekkeleg ernæring.

2.2.4 Vilkår for å få tenesta

Heimebuande som ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming.

2.2.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

Får levert mat ut i frå behov, til dømes diabetes eller findelt mat ved tannhelseproblem.

2.2.6 Våre forventningar til brukar:

- Må gje beskjed om behov for spesialkost, allergi, diabetes og eventuelt andre omsyn.
- Den som er tildelt matombringning må varsle Vågåheimen (tlf. 61 29 37 50 før kl. 9.30) dersom han/ho ikkje kan ta imot mat på dei dagane som er avtala.

2.2.7 Praktiske spørsmål:

Det er eigenbetaling for matombringning og satsen står i enkeltvedtaket. Sats blir justert årleg og vedteke av kommunestyret.

2.3 Transportteneste for forflytningshemma (TT)

2.3.1 Lovheimel:

Tenesta er ikkje lovheimla. Oppland fylkeskommune v/ Opplandstrafikk har overordna ansvar og har utarbeidd egne [retningsliner](#) for ordninga. Vågå kommune har delegert ansvar for tildeling av tenesta.

2.3.2 Om tenesta

Transporttenesta for forflytningshemma er eit transporttilbod for personar med forflytningshemming som ikkje kan nytte det offentlege transporttilbodet.

2.3.3 Målsetting

Ordninga skal bidra til at personar med forflytningshemming skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.

2.3.4 Vilkår for å få tenesta

- Personar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming har store vanskar med å nytte offentleg transportmiddel.
- Søkar må ha ei varig fysisk eller psykisk forflytningshemming, det vil seie minimum to år.
- Følgjande forflytningshemming kan gje grunnlag for godkjenning, når dei andre vilkåra er oppfylt:
 - a) Blinde og sterkt svaksynte.
 - b) Personar som er heilt avhengig av rullestol.
 - c) Andre sterkt forflytninghemma, etter særskilt vurdering.

Kriterium som ikkje er grunnlag for tildeling:

- Mangel på offentleg transporttilbod.
- Naturleg alderdomssvekking utan anna funksjonshemming.
- Tidsavgrensa forflytningshemming.
- Personar med eigen bil fell utanfor ordninga.
- Personar under 10 år.

2.3.5 Våre forventningar til brukar:

- At brukar tek vare på brukarkortet og erstattar det om det skulle bli borte eller skadd.
- At brukar bestiller reiser i god tid, er reiseklar når transporten kjem og betalar gebyr ved for sein avbestilling.

2.3.6 Praktiske spørsmål:

- TT-ordninga skal berre nyttast til lokale fritidsreiser, og ikkje til sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda.
- Det er eigenbetaling for tenesta og per tur. Sats blir fastsatt av Opplandstrafikk.
- Maksimalt reisebeløp er 1000 kroner per tur.
- Brukarar med innvilga TT kan reise gratis med buss i regi av Opplandstrafikk.

- Heimlar blir tildelte for to år om gongen. Den som tek imot tenesta kan søkje om å auke beløpet om dei brukar meir enn dei fekk tildelt.
- [Det er eige søknadsskjema for tildeling av transportteneste](#), som er utarbeidd av Oppland Fylkeskommune. Sjå Vågå kommune sine nettsider eller kontakt leiar for tildeling og samhandling.
- Ordninga blir administrert av Rogaland Taxi, og brukarkortet blir utsenda frå Rogaland Taxi.

2.4 Følgjebevis for funksjonshemma

2.4.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

2.4.2 Om tenesta

Eit tilbod til fysisk eller psykisk funksjonshemma som treng følgje på ulike aktivitetar, til dømes buss, kino og konsert. Følgjebeviset blir utstedt til den funksjonshemma og skal gje personen som følgjer fri eller rabattert tilgang til ein del kultur- og fritidsarrangement og til visse transportmiddel.

Tenesta er tidsavgrensa.

2.4.3 Målsetting

Hindre isolasjon og bidra til auka livskvalitet for funksjonshemma.

2.4.4 Vilkår for å få tenesta

- Varig funksjonshemming, minimum 2 år.
- Må ha fylt 8 år. Tildeling av følgjebevis til personar under 8 år skjer etter særskild vurdering.

2.4.5 Våre forventningar til brukar:

- Brukar må samtykke til at kommunen kan innhente nødvendige opplysningar for å få behandla saken, til dømes frå fastlegen.
- Brukar må legge ved passfoto i søknaden.
- Må ha bustadadresse i Vågå for å søkje om tenesta.

2.4.6 Praktiske opplysningar:

Det er ingen eigenbetaling.

2.5 Dagopphald ved Vågåheimen

2.5.1 Lovheimel:

Dagopphald i institusjon kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 5 som omhandlar sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering, eller Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav d-avlastningstiltak.

2.5.2 Om tenesta

Dagopphald er eit tilbod for heimebuande eldre som av helsegrunnar ikkje kan nytte seg av andre aktivitetstilbod i kommunen.

Brukaren får tilbod om transport til og frå Vågåheimen og to måltid på Vågåheimen. Brukaren kan få tilbod om å delta på sosiale aktivitetar, hjelp til personleg hygiene og samvær med andre.

Tenesta kan og vere eit tilbod til personar som treng avlastning, som nemnt i 2.11.

2.5.3 Målsetting

Dagopphald ved Vågåheimen skal bidra til at eldre som bur heime får ein meningsfull kvardag.

Dagopphald ved Vågåheimen har som formål at eldre kan bu heime lenger og utsette eller forhindre opphald på sjukeheim. Det kan i enkelte tilfelle vere eit viktig tilbod for å førebyggje funksjonssvikt.

2.5.4 Vilkår for å få tenesta

- At brukar på grunn av fysisk eller psykisk funksjonssvikt ikkje kan delta på andre aktivitetstilbod, som til dømes Frivilligsentralen.
- Har behov for hjelp til å komme seg ut av heimen for å få ein meningsfull kvardag.
- Har behov for aktivisering og fellesskap.
- Har behov for dagtilbod på grunn av at pårørande er i arbeid eller har behov for avlastning.

2.5.5 Våre forventningar til brukar:

At brukar varslar Vågåheimen så snart som rå om han ikkje kan delta på dagtilbodet. Brukar må melde avbod seinast dagen før.

2.5.6 Praktiske opplysningar:

Det er eigenbetaling for dagopphald ved Vågåheimen og satsen står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

2.6 Dagtilbod utanfor institusjon

2.6.1 Lovheimel:

Dagtilbod er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan bli tildelt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 5 som omhandlar sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering, eller Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6 bokstav d-avlastningstiltak.

2.6.2 Om tenesta og målsetting

Vågå kommune tilbyr dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens, personar med psykisk funksjonshemming og personar med psykisk lidning.

- Dagtilbod har som målsetting at brukar skal få moglegheit til eit aktivt og meningsfull tilværelse samvær med andre ut i frå egne føresetnader.
- Dagtilbodet skal bidra til ein meningsfull kvardag.
- Dagtilbodet kan bidra til å utsetja opphald i institusjon.
- Dagtilbodet kan bidra til å avlaste omsorgsytar.

2.6.2.1 Dagtilbod til heimebuande med demens- «Grøn omsorg»

Tenesta skal bidra til å utsetje utvikling av sjukdom, halde ved like funksjonar, avlaste pårørande og auke trivselsnivået til den sjuke.

Tenesta er eit dagtilbod, sjå [Vågå kommune sine heimesider for tidspunkt](#). Henting/bringing skjer til og frå heimen til brukaren, med Vågå kommunes skyssteneste eller ved at brukar har privat skyss.

Brukarane blir aktiviserte med turgåing, innetrim, dans, hobbyverksemd, snikring, matlaging eller baking.

2.6.2.2 Dagtilbod til personar med utviklingshemming

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som har medfødde eller erverva skade – frå lettare grad til multifunksjonshemming.

Dagtilbodet skal leggje til rette og gjennomføre aktivitetar i samarbeid med brukaren, utifrå individuelle ressursar, behov og interesser. Sikre moglegheiter for utvikling og meistring, og medverke til tryggleik og ein verdig livssituasjon.

Dagtilbod kan bli innvilga opp til fem dagar i veka. Dette kan vera arbeidstrening, aktivisering, og sansestimulering ut i frå individuelle behov. Sosiale aktivitetar som song, spel, hobbyaktivitetar og turgrupper. Det er også høve til å ha arbeidsoppgåver i lokale bedrifter, oppmuntringspengar blir tilstått med kr. 5,00 pr. time. Eventuelle utgifter til arbeidsklede for arbeidsoppgåver må dekkjast av den enkelte.

Dagtilbodet kan og omfatte «Inn på tunet». Dette er eit samarbeid mellom kommunen og lokale gardbrukarar, og omfattar aktivitetar basert på garden og gardbrukar sine ressursar.

2.6.2.3 Dagtilbod til personar med psykiske lidingar

Dagtilbodet skal bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjennom å etablere sosiale fellesskap og utvikle tryggleik i samvær med andre. Dette blir gjort gjennom ulike tiltak:

- Fysisk trening / friluftaktivitetar
- Hobbyaktivitetar
- Sosial trening individuelt og /eller som gruppetilbod. Dette omfattar også «Inn på tunet».

Aktivitetane er individuelt tilpassa og kan også vurderas å gå føre seg i heimen.

Målet er å bidra til ein meningsfull kvardag og dermed betra livskvalitet.

2.6.3 Vilkår for å få tenesta

Det vil bli gjort ei individuell vurdering av kva teneste som er fagleg forsvarleg og best egna i samråd med brukar. Det er ikkje rettskrav på dagtilbod utanfor institusjon og kommunen vil i vurderinga leggje til grunn tilgjengelege ressursar.

Brukarar med langtidsopphold i institusjon vil som regel ikkje bli prioritert ved tildeling av dagtilbod utanfor institusjon.

Dagtilbod til personar med demens:

- Brukar må ha ein viss fysisk funksjon og vurderte av demensteamet i kommunen.
- Brukarar med pårørende som har behov for avlastning.

Dagtilbod til personar med utviklingshemming:

- Brukar med behov for å auke eigenomsorg fysisk, psykisk eller sosialt.
- Brukar må ha behov for rettleiing/trening/aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter.
- Brukarar med pårørende som har behov for avlastning.

2.6.4 Våre forventningar til brukar:

- At brukar varslar så snart som råd om han ikkje kan delta på dagtilbodet, og seinast dagen før.
- Brukar må ha med seg nødvendige medisin og hjelpemiddel.

2.6.5 Praktiske opplysningar:

Det er eigenbetaling for kommunal transport til og frå dagtilbodet og satsen står i enkeltvedtaket. Sats blir justert årleg og vedteken av kommunestyret. Det blir ikkje gjeve godtgjersle om brukar har privat skyss. Transport er gratis for brukarar som har innvilga tenesta som avlastningstiltak.

2.7 Trygdebustad

2.7.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men i helse- og omsorgstenestelova §3-7 står det:

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

2.7.2 Om tenesta

Tenesta skal vere eit tilbod om tilrettelagt bustad for eldre og funksjonshemma.

Trygdebustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og brukar får ikkje automatisk tilgang til andre tenester. Tildeling av tenester skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak. Brukar må søkje om tenester på vanleg måte.

2.7.3 Målsetting

Trygdebustaden skal vere til hjelp for at brukaren skal klare seg best mogleg sjølv, føle seg trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.

2.7.4 Vilkår for å få tenesta

Trygdebustad blir tildelt etter individuell vurdering med utgangspunkt i søkjaren si funksjonshemming, sjukdom og/eller alder.

Søklarar blir prioriterte ut i frå om:

- Eigen bustad er ueigna, og vanskeleg å tilretteleggje.
- Brukar kan oppretthalde og/eller betre sine funksjonar og sjølvstende ved å flytte til trygdebustaden.
- Funksjonsnivå og livskvalitet kan bli betre ved auka tryggleik og nærleik til tenester.
- Det sosiale nettverket er lite og fører til isolasjon.

2.7.5 Praktiske spørsmål:

Om brukar takkar nei til tildelt bustad vil ikkje brukar få nytt tilbod, men saken blir avslutta og brukar må søkje på nytt. Brukar har ikkje anledning til å søkje på ein bestemt trygdebustad etter lokalisering, men kommunen tildeler den bustad som er ledig og best egna. Kommunen har ei prioriteringsliste, der vi ved tildeling gjer ei behovsvurdering.

Teknisk sektor i Vågå kommune har ansvar for utsending av husleigekontrakt og leigeforholdet elles.

Husleigesats etter gjeldande regulativ, som årleg blir vedteke av kommunestyret.

Brukar har rett til å søkje om **bustøtte**, som er ei behovsprøvd statleg støtteordning for personar med låg inntekt og høge bukostnader. Husbanken og kommunen samarbeider om bustøtteordninga. Husbanken fattar vedtaka, men det er kommunen som behandlar søknadene og har all kontakt med søkjar. Ta kontakt med servicetorget, telefon 61 29 36 00 for hjelp og rettleiing.

2.8 Personlig assistanse- Praktisk bistand, opplæring og støttekontakt

2.8.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav b

I lova står det at kommunen skal tilby personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt.

Vågå kommune organiserer praktisk bistand og opplæring på ulike måter og dette blir presisert i vedtaket. Det vanlige er:

- Praktisk bistand til daglige gjeremål- heimehjelp
- Opplæring i daglige gjeremål
- Målretta miljøarbeid
- Tenester organisert som brukarstyrt personlig assistanse (BPA) eller personlig assiastanse (PA) utan brukarstyring.
- Støttekontakt

2.8.2 Særskilt for Praktisk bistand til daglege gjeremål

2.8.2.1 Om tenesta

Praktisk bistand og opplæring er ei teneste til personar som har behov for hjelp og støtte i dagliglivets gjeremål.

2.8.2.2 Målsetting

Praktisk bistand og opplæring skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne skal bli mest mogleg sjølvhjulpel og få nødvendig hjelp slik at brukaren kan bu heime så lenge det er fagleg forsvarlig. Opplæring skal bidra til at brukar blir i betre stand til å ivareta oppgåvene sjølv og føre til auka livsmestring.

2.8.2.3 Vilkår for å få tenesta

Søkar må ha eit *særlig hjelpebehov* og vera *heilt* avhengig av praktisk bistand og/eller opplæring i dagleglivets gjeremål.

2.8.2.4 Tenesta omfattar:

Nødvendig reinhald

- Vanleg reinhald av rom som er i dagleg bruk, støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/wc.
- Innvendig reinhald av kjøleskap og microbølgeovn ved behov.
- Skifte sengeklede.
- Oppvask av kjøkkenutstyr.
- Bistand til vask av klede i vaskemaskin.
- For reinhald, klesvask og sengeskiift er minimum tildeling 1,5 time annakvar veke. I særskilde tilfelle kan dette avvike, dette skal da grunngjevast fagleg.
- Det blir gjeve bistand til vask av vindauge innanfor tildelt tidsramme. Brukar må i tilfelle prioritere bort andre oppgåver den aktuelle veka. Under føresetnad av nemnte forhold blir det gjeve bistand til vask av vindauge innvendig i rom som er i daglig bruk inntil 2 gonger i året. Utvendig vask av vindauge blir gjeve inntil 1 gong i året.

Ernæring

- Tilrettelegging av måltid for å sikre god ernæring: smørje brødsriver, varme opp ferdiglaga middag.

Nødvendige ærend

- Tenesteytar kan gjere nødvendige innkjøp av daglegvarer. Brukar må opprette konto i butikk.
- Bære inn ved og hente posten til brukar der det er lett tilgjengeleg.

Personleg stell

- Personleg stell i samarbeid med heimesjukepleia.

Opplæring

- Opplæring og rettleiing i daglege gjeremål
- Planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål, bistand til å strukturere kvardagen i dags- og vekeplan.

2.8.2.5 Oppgåver som ikkje inngår i tenesta:

- Hagearbeid.
- Husvask/ storreingjøring.
- Reinhald av rom som ikkje er i dagleg bruk, til dømes gjesterom.
- Huslege oppgåver i forbindelse med gjester og vaksne heimebuande, til dømes skift på seng.
- Hjelp til flytting.
- Førebuing av høgtider.
- Baking.
- Hjelp til stell av kjæledyr.
- Følgje til lege, banken m.v.
- Tenesteytar har ikkje tilgang til å nytte brukaren sitt bankkort i bank eller til bruk ved innkjøp, heller ikkje handtering av kontantar.
- Frakting av søppelsekk.

Det vil bli gjort ei individuell vurdering og enkelte oppgåver på lista kan i visse tilfelle bli innvilga. Til dømes der brukar bur åleine og ikkje har pårørande i nærleiken.

2.8.2.6 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- Tenesteytar må følgje krav til HMS- reglar i heimen. Det er til dømes ikkje anledning å bruke stige/krakk eller anna for å vaske vindauge eller støvtørk. Kommunen tørkar støv og vaskar flater som er lett tilgjengelig (i armhøgde).
- At brukar får beskjed seinast dagen før om det blir endring i avtale om tidspunkt. Unntaksvis om det skyldast sjukdom, da kan brukar få melding same dag.

- Tenesteytar vil gjere ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket blir endra i takt med dette.

2.8.2.7 Våre forventningar til brukar:

- At mottakaren av tenesta har utstyret som det er behov for (vaskemiddel, klutar m.m.).
- Brukar skal bidra så langt det er rå og fagleg forsvarleg.
- At brukar er tilstade når tenesteytar kjem.
- At brukar gjev beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at han ikkje kan ta i mot hjelpa.
- At brukar samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar.
- Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må tenesteytar varslast så snart som mogleg på tlf. 61 29 37 52/61 29 37 57.

2.8.2.8 Praktiske spørsmål:

Eigenbetaling i samsvar til «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester», skjer med bakgrunn i inntektsberekning av den samla nettoinntekta til husstanden før særfrådrag. Til husstanden regnes berre ektefeller eller sambuarar. Og i tillegg barn under 18 år, dersom hjelpa blir gjeve på grunnlag av barnet sitt omsorgs- eller pleiebehov. Inntektsgrensa blir justert etter grunnbeløpet i folketrygda, og vedteke av kommunestyret kvart år.

2.8.3 Særskilt om opplæring og målretta miljøarbeid

Personar med behov for tilrettelegging eller opplæring i dagliglivets gjeremål kan få innvilga praktisk bistand og opplæring, herunder målretta miljøarbeid.

Tenesta blir gjeve til brukarar som treng opplæring og/eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla, eller som treng hjelp med å organisere kvardagen.

Målretta miljøarbeid er ei metode for å gjere brukaren i stand til å ivareta dagleglivets aktivitetar, og for å trene på å bli i betre stand til å ivareta dette sjølve. Dette blir innvilga uavhengig av kvar brukar bur.

Omfang og formål blir presisert i vedtaket. For brukarar som har behov for opplæring i daglege gjeremål blir dette innvilga tidsavgrensa. Det vil bli gjort ei evaluering i løpet av perioden om brukar har tilegna seg opplæring og rettleiing frå personalet. Dersom det er vurdert at brukar ikkje har opplæringspotensiale eller har behov for vedlikehaldstrening vil tenesta blir endra til praktisk bistand med eigenbetaling.

2.8.3.1 Målsetting:

Målet er at brukaren i stor grad skal kunne mestre eigne oppgåver og halde ved like funksjonar, og / eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging.

2.8.3.2 Vilkår for å få tenesta

Det vil bli lagt stor vekt på om brukar evnar å tileigne seg kunnskapen og om han har behov for vedlikehaldstrening.

2.8.3.3 **Eigenbetaling:**

Praktisk bistand og opplæring er vederlagsfri i den perioden det blir gjeve opplæring og rettleiing. Der brukar får assistanse i å utføre daglege gjeremål er det eigenbetaling etter reglar i «Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstjenester».

2.8.4 **Særskilt for Brukarstyrt personleg assistent (BPA)**

2.8.4.1 **Om tenesta**

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma med behov for bistand i dagleglivet. Brukarar som oppfyller kriteria i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 bokstav d har krav på å få tenestene organisert som BPA. Det vil si personar under 67 år som har eit langvarig behov for personleg assistanse og avlastning for barn i minst 32 timar per veke. Med visse avgrensingar gjeld det også brukarar med behov for over 25 timar i veka.

BPA byggjer på prinsippet om brukarstyring, og er ein anna måte å yte hjelp på enn gjennom tradisjonell pleie og omsorgsteneste.

- Det skal leggjast stor vekt på kven brukar ynskjer som personleg assistent.
- Brukaren skal kunna organisere teneste ut i frå eigne behov, og ha færre tilsette å halde seg til.
- Tenesta kan vera praktisk bistand og opplæring, hjelp til personleg hygiene, trening og/eller sosial aktivisering.

Formålet med tenesta vil bli presisert i enkeltvedtaket.

Tenesta er tidsavgrensa frå enkelttimar som er i vekeformat til eit heilt døgn. Dette blir spesifisert i enkeltvedtaket.

2.8.4.2 **Målsetting**

Målet med ordninga er å medverke til at personar med sterk funksjonshemming eller som har eit stort hjelpebehov får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv.

2.8.4.3 **Vilkår for å få tenesta**

- Oppfyller vilkår i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 d.
- Søkar si funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ein slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA og ikkje meir tradisjonelle tenester, som til dømes praktisk bistand og opplæring.
- Har samansette og omfattande behov for tenester, uavhengig av diagnose eller alder.
- Har eit langvarig hjelpebehov.
- Det er ei føresetnad at brukar evner å ivareta arbeidslederrolla. Alternativt at brukar har ein person som kan fungere som medarbeidsleder.

2.8.4.4 **Kva kan brukar forvente av Vågå kommune:**

- At hjelpebehovet blir fortløpande vurdert og vedtaket blir endra i takt med dette. Tenesta skal revurderast ein gong per år.
- Brukar skal få bistand til å skaffe BPA. Utlysing, intervju og tilsetting skjer i samråd med avdeling Personal og lønn og etter gjeldande avtaleverk. Arbeidsleiar pliktar å delta på nødvendig opplæring og veiledning.

2.8.4.5 Våre forventningar til brukar/ arbeidsleiar:

- At arbeidsleiar signerer avtale med kommunen om ansvarsfordeling og oppgåver.
- At brukar/ arbeidsleiar disponerer tildelte timar i tråd med rammer i vedtak og lovens formål.
- At brukar er tilstade når assistent kjem. Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må assistent varslast så snart som mogleg.
- At heimen er lagt til rette for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad.

2.8.4.6 Praktiske spørsmål

Det er eigenbetaling for den delen som omhandlar praktisk bistand og opplæring. Dette vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

Ved midlertidig opphør utover ei veke, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timar falle bort. Brukar har ikkje anledning til å samle opp tildelte timar, kun etter avtale med leiar for heimetenesta. Unntak der det i vedtak er innvilga tid til sosial aktivitet/fritid.

Om brukar blir lagt inn på sjukehus eller institusjon blir tenesta, BPA, normalt sett på midlertidig opphør umiddelbart.

2.8.5 Særskilt for støttekontakt/ treningskontakt

2.8.5.1 Om tenesta

Tenesta blir tildelt personar som har behov for støttekontakt på grunn av funksjonshemming, psykiske lidningar, rusproblem, alder eller sosiale problem.

Tenesta skal:

- Stimulere til sosial aktivitet
- Medverke til nettverksbygging
- Skape glede gjennom samhandling
- Auke fysisk og psykisk livskvalitet
- Være følgje eller hjelp til praktiske gjeremål som til dømes handling

Støttekontakt kan gjevast som treningskontakt. Målet for tenesta vil være å hjelpe til med tilpassa fysisk aktivitet for menneske med særskilde behov.

Tenesta kan bli gjeve individuelt eller i gruppe.

Tenesta skal fungere som «personleg assistanse» og det skal vere stor grad av brukarmedverking og brukarstyring.

2.8.5.2 Målsetting

Støttekontaktordninga er ei teneste som skal medverke til å auke brukaren si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til å få ei meningsfull fritid.

2.8.5.3 Vilkår for å få tenesta

- Innbyggjar i Vågå kommune.
- Lite, eller ikkje eksisterande nettverk i form av familie og annan omgangskrets.
- Lite mobil på eigenhand, kan til dømes ikkje køyre bil og bur avsides.
- Treng følgje til butikk, bank og liknande.
- Behovet for støttekontakt må vere ein form for aktivisering.

- Støttekontakt kan gjevast som behandling av sjukdom, til dømes psykiske lidningar.
- Treningskontakt vert gjeve etter særskilt vurdering med omsyn til behov for trening.
- Bebuar med heildøgnsbemanning blir ikkje prioritert ved tildeling av støttekontakt.

Kriteria for tildeling er ikkje av ein slik karakter at dei ikkje kan omgåast.

Kriterium for å bli støttekontakt:

- For å bli støttekontakt er det krav om politiattest.
- Ha førarkort klasse B, og disponere eigen bil, eventuelt køyre brukars bil.
- Ikkje tidlegare misleghald av tilsvarande tillitsverv i kommunen.
- Ikkje nær familiærrelasjon til den som skal ha tenesta.
- Bør ikkje yte teneste til brukar på anna vis, eller ha annan arbeidsrelasjon til vedkommande.

2.8.5.4 Våre forventningar til brukar:

- At brukar gjev beskjed snarast mogleg om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at han ikkje kan ta i mot støttekontakta.
- At brukar er tilstade når støttekontakt kjem.
- At brukar betalar køyregodtgjersle for reise til butikk, kafé og liknande, om støttekontakta nyttar eigen bil. Vågå kommune tilrår at brukar betalar kilometergodtgjersle etter Statens satsar.

2.8.5.5 Praktiske spørsmål:

- Den som tek imot tenesta skal berre betale for bilkøyring under tenesteytinga, alle andre utgifter er støttekontaktens eiga ansvar.
- Støttekontakt får betalt timegodtgjersle og utgiftsgodtgjersle per måned.
- Støttekontakt får dekt reise til og frå brukar.
- Ved midlertidig opphør utover ei veke, til dømes ved sjukehusopphald eller ferie, vil tildelte timar falle bort. Brukar har ikkje anledning til å samle opp tildelte timar, kun etter avtale med leiar for heimetenesta.

2.9 Helsetenester i heimen

2.9.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav a.

I lova står det at kommunen pliktar å tilby helsetenester som ytes i heimen. Det blir gjeve i form av heimesjukepleie eller psykisk helseteneste.

2.9.2 Om tenesta- heimesjukepleie

Heimesjukepleie blir gitt til akutt og kronisk sjuke, utan omsyn til alder og økonomi, som bur eller har mellombels opphald i kommunen. Heimesjukepleia er ei døgnteneste.

Heimesjukepleia utfører dei oppgåvene som den pleietrengande ikkje klarer sjølv.

- Hjelp til personleg stell og hygiene.
- Hjelp til tilrettelegging ved måltid.
- Sårbehandling, injeksjon, blodprøver for pleietrengande som ikkje kan oppsøkje helsesenteret.

- Administrasjon av medikament.
- Pleie av alvorleg sjuke og terminalpleie.
- Tilsyn, rådgjeving og tilrettelegging i forhold til sjukdom og førebygging.
- Opplæring og vedlikehald av ferdigheit for å ivareta eiga helse.

Tilsyn i form av besøk eller telefonoppfølging skal ha ei konkret hensikt og vere grunngeve fagleg. For brukar med trygghetsalarm blir det i utgangspunktet ikkje innvilga tilsynsbesøk.

For personar som har behov for bistand til medikamenthandtering blir det lagt vekt på om vedkommande kan bestille og hente ut multidose på apoteket sjølv eller med bistand frå familien. Der medikamenthandtering/dosett er det einaste tiltaket ein person har behov for bistand til vil det normalt sett ikkje bli innvilga heimesjukepleie.

Bistand til sårskift, injeksjonar og blodprøver blir ikkje innvilga der det er vurdert at personen kan oppsøke Helsesenteret og dette er det einaste tiltaket personen har behov for bistand til.

Heimesjukepleia har plikt til å ta kontakt når trygghetsalarm er løyst ut.

2.9.2.1 Målsetting

Heimesjukepleia skal ved hjelp av sine tenester førebygge, behandle og legge til rette for mestring av sjukdom, skade, lidning og nedsett funksjonsevne.

2.9.2.2 Vilkår for å få tenesta

- Tenesta blir tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen og som oppfyller kriteria for å få nødvendig helsehjelp.
- Brukar må heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ivareta eiga helse på ein fagleg forsvarleg måte.

2.9.2.3 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At tenesteytar gjev beskjed så snart som rå om avtalar må endrast.
- Alle som har behov for hjelp med personlig hygiene minst ein gong per veke i 3 månader eller meir, har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester. Heimesjukepleia pliktar å informere brukar om dette.

2.9.2.4 Våre forventningar til brukar:

- At brukar er tilstade når tenesteytar kjem.
- Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må heimetenesta varslast så snart som mogleg.
- At brukar samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar.
- Samtykke til å innhente informasjon frå lege ved medikamenthandtering.

2.9.2.5 Praktiske spørsmål:

Ved innføring av multidosett kan det bli innført egenbetaling. Det vil bli informert om dette i enkeltvedtak eller informasjonsbrev.

2.9.3 Om Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste skal tilby tenester til menneske med psykiske lidningar, og/eller ruslidningar, menneske i krise og sorg, og til pårørande. Tenesta skal bidra med støtte og hjelp til pasienter som har varig eller midlertidig nedsatt evne til egenomsorg.

- Tenesta kan bli gjeve i eller utanfor heimen i form av samtaler eller som aktivitetstilbod.
- Tenesta kan bli gjeve individuelt eller som gruppetilbod. Dette blir avklart med brukar og presisert i enkeltvedtaket.
- Tenesta er eit lågterskel-tilbod, og det er ikkje nødvendig med henvising frå lege.
- Tenesta skal arbeide forebyggjende og bidra med ettervern, til dømes når brukaren har vore innlagt i sjukehus.
- Alle som blir melde inn til psykisk helseteneste skal få tilbud om ei inntakssamtale eller bli kontakta snarest rå og seinast innan 14 dagar. Målsettinga med inntakssamtalen er å kartlegge brukaren sitt behov for vidare oppfølging.

2.9.3.1 Målsetting:

Psykisk helseteneste skal arbeide for at brukar og/eller pårørande skal oppleve å mestre eige liv. For å oppnå dette, skal tenesta bidra til eit gjensidig samarbeid med utgangspunkt i brukaren sine ressursar.

Tenesta skal sjå menneskje i heilheit og vektlegge eit best mogleg og verdig liv for brukaren med hans eller hennar moglegheiter og avgrensingar.

Tenesta skal tenke familie og nettverk. Tenesta skal bidra til å fange opp barn av menneskjer med psykisk lidning eller rusliding og ha lav terskel for samarbeid med Helsestasjon.

2.9.3.2 Vilkår for å få tenesta

Tildeling skjer etter munnleg henvending til teneste for psykisk helse eller på Vågå kommune sitt søknadsskjema. Vurdering av søknaden blir gjort av teneste for psykisk helse. Søknaden blir normalt ikkje behandla i vurderingsteamet, men vedtak blir fatta av leiar for tildeling og samhandling i samråd med fagleg ansvarleg for tenesta. Unntak der det er behov for koordinerte tenester.

2.9.3.3 Praktiske spørsmål

Ved innføring av multidosett kan det bli innført eigenbetaling. Det vil bli informert om dette i enkeltvedtak eller informasjonsbrev.

2.10 Avlastning

2.10.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav d.

2.10.2 Om tenesta

Vi gjev avlastning til personar og familiar som har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve for eldre, funksjonshemma eller andre pleietrengande. Avlastning kan bli gjeve i eller utanfor heimen. Tenesta er tidsavgrensa og omfang blir spesifisert i enkeltvedtaket.

2.10.2.1 Avlastingsheimar

Tenesta kan gjevast til familiar med hjelpetrengande barn som bur heime. Den kan gjevast ved at barnet får opphald i tilrettelagt kommunal avlastningsbustad i avtalt tidsrom, eller at barnet får opphald i annan familie, til dømes i helger.

2.10.2.2 Avlastning i eigen heim

Avlastning kan bli gjeve heime hjå den hjelpetrengande. Omfang og type teneste blir innvilga etter individuell vurdering og vil bli spesifisert i enkeltvedtaket.

2.10.2.3 Avlastingsopphald ved Vågåheimen

Tenesta omfattar tidsavgrensa opphald ved Vågåheimen for den som er hjelpetrengande, og inneheld pleie og omsorg – ikkje utredning, behandling og rehabilitering.

2.10.2.4 Avlastning i form av tilpassa dagtilbod

Avlastning kan bli gjeve som dagtilbod, til dømes «dagtilbod for heimebuande med demens». Sjå meir omtale under punkt 2.7.

2.10.3 Målsetting

At omsorgsytar skal få avlastning frå sine daglege omsorgsoppgåver for å unngå å bli utslitt og for å klare å halde fram med omsorgsoppgåva.

At den som har den daglege omsorga skal få nødvendig kvile, ferie og fritid.

2.10.4 Vilkår for å få tenesta

- Personar som har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve.
- At den hjelpetrengande er i behov for nødvendig helse- og omsorgshjelp.
- At omsorgsbehovet er slik at den hjelpetrengande ikkje kan vera aleine heile eller deler av døgnet og som gir omsorgsytar avgrensa moglegheit for nødvendig og regelmessig ferie og fritid.
- Tenesta blir gjeve til personar som har ei omfattande og langvarig omsorgsoppgåve.

2.10.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At tildeling skjer etter kartlegging av funksjonsnivå og individuell vurdering.
- At søkar (omsorgsytar) får enkeltvedtak med tidspunkt for når avvikling skal skje.
- For avlastning i privat heim: kommunen inngår avtale med avlastar og er ansvarleg for betaling av godtgjersle.

2.10.6 Våre forventningar til brukar:

At den omsorgstrengande har med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel som blir nytta dagleg.

2.10.7 Praktiske opplysningar:

Det er ingen eigenbetaling for avlastning. Vågå kommune betalar for transport til og frå heimen etter Statens satsar for reisegodtgjersle. Om ikkje omsorgsytar kan bistå med transport vil kommunen tilby anna egna transportmiddel.

2.11 Omsorgsløn

2.11.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstjenesteloven § 3–6.

I lova står det at kommunen skal ha tilbod om omsorgslønn til personar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for eldre, sjuke eller funksjonshemma personar. Kommunen pliktar å ha eit tilbod og å avsette midlar i budsjettet til ordninga, men det er ikkje eit individuell rettskrav for innbyggjarane.

2.11.2 Om tenesta

Omsorgslønn er ei økonomisk godtgjersle til den som yter pleie til nære pårørande eller andre. Omsorgsløn blir innvilga der kommunen ser at privat omsorg er best egna. Kommunen kan tilby anna hjelp dersom det er vurdert som ei betre løysing for brukaren.

Omsorgsløn er ikkje ei teneste ein automatisk har krav på, men blir fastsett etter kartlegging og heilskapleg og individuell vurdering.

2.11.3 Målsetting

Ordninga med omsorgslønn skal medverke til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og å gjera det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet.

2.11.4 Vilkår for å få tenesta

- At søkar har ei særleg tyngande omsorgsoppgåve.
- At omsorgsarbeidet gjeld nødvendige omsorgsoppgåver.
- At det er ein varig omsorgssituasjonen.
- At omsorg frå søkaren er det beste for den omsorgstrengande.

I vår vurdering legg vi vekt på følgande:

- Om omsorgsarbeidet dreier seg om eit stort antall timer pr. månad.
- Om omsorgsarbeidet er meir fysisk eller psykisk belastande enn det vi antek er normalt.
- Om omsorgsarbeidet inneber mykje nattarbeid eller avbrote nattesøvn.
- Korleis arbeidet er fordelt over tid, om det skjer i periodar eller heile tida.
- Om omsorgsarbeidet har vart eller er forventa å vare over lengre tid.
- Om omsorgsarbeidet har ført til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid.
- Om omsorgsgjevar har omsorg for meir enn ein person.
- Om omsorgsgjevar har omsorgsplikt. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det kan vere aktuelt med omsorgslønn dersom det er tydeleg at omsorga overskrid vanleg omsorg for barn på same alder.

Inntektstap er ikkje vilkår for tildeling av omsorgslønn.

2.11.5 Våre forventningar til brukar:

Er inneforstått med at kommunen kan krevja at den som søker omsorgsløn må søkje hjelpestønad før søknad om omsorgsløn blir behandla.

2.11.6 Praktiske opplysningar

Ytinga omsorgslønn tek slutt umiddelbart og utan skriftleg varsel når behovet til omsorgsmottakar blir borte. Omsorgslønn blir sett på midlertidig opphør ved innleggelse i sjukehus eller institusjon. Omsorgslønsmottakar pliktar til å informere kommunen om slike forhold og melde ifrå dersom hjelpebehovet blir endra.

2.12 Korttidsopphald- Vågåheimen

2.12.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav c.

2.12.2 Om tenesta

Korttidsopphald er eit teneste tiltenkt personar som til vanleg bur i eigen heim, men som treng døgntilsette tilsyn og omsorg for ei stuttare periode.

Korttidsopphald i sjukeheim er ei teneste til personar med akutt behov for tilsyn og omsorg. Dette kan vere pasientar som:

- Er utskrivne frå sjukehus, men treng eit opphald i sjukeheim før brukar kan heim.
- Treng utredning og/eller behandling.
- Observasjon og vurdering av medisinsk behandling og/eller hjelpebehov.
- Treng terminalpleie og palliativ behandling.

2.12.3 Målsetting

- medisinsk utredning og/eller behandling
- oppretthalde, eventuelt auke funksjonsnivå
- førebygge og lindre av fysiske og psykiske symptom
- førebygge langtidsopphald i sjukeheim

2.12.4 Vilkår for å få tenesta

- Tildeling skjer etter kartlegging og individuell vurdering med bakgrunn i:
 - ✓ Behov for behandling og pleie
 - ✓ Sosialmedisinske forhold
 - ✓ Anna tilgjengeleg helseteneste
- Brukar har eit tidsavgrensa, omfattande hjelpebehov der ein ikkje kan gje fagleg forsvarlig helsehjelp i heimen.
- Brukar som har behov for observasjon ved vurdering av hjelpebehov og vidare behov for tenestenivå.

2.12.4.1 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At det blir sendt ut skriftleg enkeltvedtak for opphald utover to veker, med målsetting for opphaldet og omfang.
- At sjukeheimen blir drifta etter gjeldande lovverk.
- Tenesta kan bli gjeve i institusjon i eller utanfor Vågå kommune.

2.12.4.2 Våre forventningar til brukar:

- Tek ansvar for personlege verdisaker under opphaldet.
- At pasient/brukar har merka private klede.

2.12.4.3 Praktiske spørsmål:

Brukar betalar ein døgnpris og beløp står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Tenesta kan bli gjeve i institusjon i eller utanfor Vågå kommune. Om det ikkje er kapasitet ved Vågåheimen kan tenesta bli innvilga ved Nord- Gudbrandsdal lokalmedisinske senter eller ved sjukeheim i ei nærliggjande kommune.

2.13 Omsorgsbustad med heildøgntilsyn

2.13.1 Lovheimel:

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men i helse- og omsorgstenestelova §3-7 står det:

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personar som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

2.13.2 Om tenesta

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som grunna psykisk eller fysisk funksjonshemming treng heildøgns tilsyn eller omsorg. Omsorgsbustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og brukar får ikkje automatisk tilgang til andre tenester. Tildeling av tenester skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak.

2.13.3 Målsetting

Personar som har behov for heildøgns tilsyn eller omsorg skal kunne ha eit mest mogleg sjølvstendig liv ved å bu i eigen bustad som har bemanning tilgjengeleg heile døgnet.

2.13.4 Vilkår for å få tenesta

Personar med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som treng døgntilgjengeleg tilsyn eller omsorg.

2.13.5 Våre forventningar til brukar:

Er inneforstått med at innvilga omsorgsbustad ikkje automatisk inneber tilgang til pleie- og omsorgstenester.

2.13.6 Praktiske spørsmål:

Kommunen inngår husleigekontrakt med brukaren, i samsvar med husleigeloven. Husleigesats etter gjeldande regulativ, som årleg blir vedteke av kommunestyret.

2.13.7 Praktiske spørsmål

Brukar har rett til å søkje om **bustøtte**, som er ei behovsprøvd statleg støtteordning for personar med låg inntekt og høge bukostnader. Husbanken og kommunen samarbeider om bustøtteordninga. Husbanken fattar vedtaka, men det er kommunen som behandlar søknadene og har all kontakt med søkjar. Ta kontakt med servicetorget, telefon 61 29 36 00 for hjelp og rettleiing.

2.14 «Gjesterom» – midlertidig opphald i omsorgsbustad med heildøgns tilsyn

2.14.1 Om tenesta

«Gjesterom» er eit tilbod til personar med akutt behov for heildøgns tilsyn, men som ikkje har behov for oppfølging i institusjon. Personalet ved omsorgsbustaden skal leggje til rette for at brukaren så raskt som mogleg blir i stand til å mestre kvardagen og kan reise heim.

Opphald i «gjesterom» gjev ikkje tilgang til andre helse- og omsorgstenester, anna enn tilgjengeleg nattvaktressurs. Behov for helse- og omsorgstenester blir vurdert individuelt.

2.14.2 Vilkår

Opphald i «gjesterom» er eit tilbod til personar som opplev ein uventa og vanskelig situasjon. Tilbodet gjeld personar som i stor grad er sjølvhjulpen i personlige og praktiske gjeremål.

2.14.3 Praktiske spørsmål

Eigenbetaling er kroner 150 per døgn, ikkje inkludert kost.

Tilbodet blir gjeve for inntil 14.dager. Kan etter vurdering bli forlenga, til dømes i påvente av opphald i spesialisthelsetenesta.

2.15 Rehabiliteringsopphald ved Vågåheimen

2.15.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 5 og nr. 6 bokstad c.

2.15.2 Om tenesta

Rehabiliteringsopphald ved Vågåheimen er tidsavgrensa og inneheld aktiv trening/rehabilitering i samarbeid med sjukepleiar, tilsynslege, fysioterapeut og/eller ergoterapeut.

I enkelte høve, der ein ser at dette er nyttig, vil det bli utarbeidd ein rehabiliteringsplan. Resultatet vil i sterk grad avhenge av eigeninnsatsen.

2.15.3 Målsetting

At personar som på grunn av sjukdom eller skade får nødvendig behandling og opptrening, slik at dei får auka eller gjenoppretta funksjonsnivå slik at dei kan klare seg mest mogleg sjølve.

2.15.4 Vilkår for å få tenesta

- At brukaren har eit tidsavgrensa rehabiliteringsbehov som er såpass omfattande at det er behov for heildøgns pleie, omsorg, behandling og tilsyn.
- Det må bli vurdert at brukaren er motivert og har eit rehabiliteringspotensial.

2.15.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At brukaren får eit individuelt og forsvarleg rehabiliteringstilbod.
- At sjukeheimen blir drifta etter gjeldande lovverk.
- Tenesta kan bli gjeve i sjukeheim i eller utanfor Vågå kommune.

2.15.6 Våre forventningar til brukar:

- Tek ansvar for personlege verdisaker under opphaldet.
- At pasient/brukar har merka private klede.

2.15.7 Praktiske spørsmål:

Brukar betalar ein døgnpris og beløp står i enkeltvedtaket. Satsane blir justert årleg i Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Tenesta kan bli gjeve i institusjon i eller utanfor Vågå kommune. Om det ikkje er kapasitet ved Vågåheimen kan tenesta bli innvilga ved Nord- Gudbrandsdal lokalmedisinske senter eller ved sjukeheim i ei nærliggjande kommune.

2.16 Rehabilitering utanfor institusjon

2.16.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 5

2.16.2 Om tenesta

Rehabilitering utanfor institusjon er ei teneste til heimebuande brukarar som etter skade og/eller sjukdom treng opptrening/tilrettelegging for å oppnå best mogleg funksjonsnivå og meistring.

Rehabilitering utanfor institusjon er ei tidsavgrensa teneste, der fleire faggrupper arbeider saman utifrå planlagde prosessar med klare mål og verkemiddel (Rehabiliteringsplan).

2.16.3 Målsetting

At personar som på grunn av sjukdom eller skade får nødvendig behandling og opptrening, slik at dei får auka eller gjenoppretta funksjonsnivå slik at dei kan klare seg mest mogleg sjølve.

2.16.4 Vilkår for å få tenesta

- Brukar som på grunn av sjukdom eller skade har nedsett funksjonsnivå og har behov for nødvendig helsehjelp i form av rehabiliteringstiltak.
- At brukar har eit rehabiliteringspotensial.

2.16.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- At brukaren får eit individuelt og forsvarleg rehabiliteringstilbod.
- At tenesteytar i samråd med brukar og eventuelt pårørande bidreg med tilrettelegging av hjelpemiddel og tilpassing av omgjevnader som bustad, arbeidsplass og fritidsaktivitetar.

2.16.6 Våre forventningar til brukar:

- Brukarar må møte opp til lokala til fysioterapeut, ergoterapeut eller logoped der det er fagleg forsvarleg.
- At brukar er tilstade når tenesteytar kjem.
- Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje blir heime på avtala tid, må tenesteytar varslast så snart som mogleg.
- At brukar samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen for å ivareta god helsehjelp og for å ivareta arbeidsmiljøet til dei tilsette/ tenesteytar.

2.16.7 Praktiske spørsmål:

Brukar må ha henvisning frå lege til fysioterapibehandling. Det er eigenandel for fysioterapibehandling.

Oppfølging frå ergoterapeut eller logoped vil bli tildelt på lik line som andre kommunale helse- og omsorgstenester. Det er ikkje krav om henvisning frå lege.

2.17 Langtidsopphald ved Vågåheimen

2.17.1 Lovheimel:

Helse- og omsorgstenesteloven § 3–2 nr. 6 bokstav c, og § 3-2 a.

Landets kommuner skal innan 01.07.17 ha vedtatt lokal forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester, kriterie og ventelister.

2.17.2 Om tenesta

Langtidsopphald i sjukeheim er eit bu- og behandlingstilbod for personar med behov for heildøgns pleie- og omsorgsbehov, og som ikkje kan gjevast forsvarleg helsehjelp i heimen.

Langtidsopphald i sjukeheim inneber

- Eit døgnkontinuerleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa.

- Regelmessig tilsyn av tilsynslege og etter fagleg vurdering.
- Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov.
- Tilbod om fysio- og ergoterapeutteneste etter fagleg vurdering.

2.17.3 Målsetting

Opphaldet skal ivareta behovet for heildøgns pleie- og omsorg. Opphaldet skal sikre at brukaren får eit verdig, trygt og meningsfylt liv på institusjon.

2.17.4 Vilkår for å få tenesta

- Alle relevante tiltak skal vere utprøvd eller vurdert i forkant.
- Tildeling skjer etter kartlegging og individuell vurdering med bakgrunn i:
 - ✓ Brukaren sitt funksjonsnivå og totale hjelpebehov.
 - ✓ Brukaren må ha eit varig, omfattande pleie - og omsorgsbehov, der vi ikkje kan gjeva forsvarlege tenester i heimen.
 - ✓ Medisinsk faglige vurderingar.
 - ✓ Anna tilgjengeleg helseteneste og moglegheit for tilpassing av bustad.

2.17.5 Kva kan brukar forvente av tenesteytar:

- Alle med langtidsopphald i sjukeheim har rett til gratis, nødvendig tannbehandling, i samsvar med lov om tannhelsetenester.
- At sjukeheimen blir drifta etter gjeldande lovverk.
- Vurderingsteamet kan revurdere tilbodet ved endring av funksjonsnivå.

2.17.6 Våre forventningar til brukar:

- Gjev nødvendige opplysningar i samband med vederlagsberekning.
- Tek ansvar for personlege verdisaker i sjukeheimen.
- At pasient/brukar har merka private klede.
- Er inneforstått med at vedtaket kan bli endra betring av funksjon, og der behov for heildøgns pleie og omsorg ikkje lenger er tilstade.

2.17.7 Praktiske spørsmål:

Brukar betalar vederlag i samsvar til forskrift for vederlag i institusjon. Rekning blir sendt månadsvis.

Vederlag for oppholdet skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisin med meir, samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

3 Link til relevant litteratur for brukar og pårørande:

[Håndbok om helse- og sosialtjenesten i kommunen.](#)

[Informasjonsbrosjyre om IPLOS.](#)

[Pasient- og brukarombudet i Hedmark og Oppland](#)